



## Miljøeffektar av garn, teine og line vert undersøkt

Tapte faststående fiskereiskapar som garn og teine kan fiska over lengre tid. Vi veit lite om kor lenge dei fiskar og når dei eventuelt ikkje fiskar lenger. Linefisket har uynskte effektar ved at sjøfugl prøver å ta agn. Det fører til at fuglen vert hardt skada eller drept og at lina fiskar dårlegare. Havforskningsinstituttet er no i gang med forsøk der miljøeffektar av slik uynskt verknad av fiskereiskapar skal undersøkjast nærare.

Dei viktigaste måla med granskingane er:

- Å finna ut kor fort daud fisk vert broten ned på garn og i teine.
- Å undersøkja nedgroing av reiskap i sjøen over lang tid.
- Å registrera fangstrate for botnorganismar som til dømes skalldyr og pigghudingar.
- Å sjå på agntap og fangst av sjøfugl i linefisket under ulike vêt- og driftstilhøve.
- Å dokumentera at metodar for å redusera agnbeiting av sjøfugl gir auka fangstrater i linefisket.

### Fiskar i fleire år

Rapportar om opprydding av tapte garn på mykje brukte fiskefelt viser at slik reiskap kan stå og fiska over lengre tid. I norske farvatn har ein døme på at det har vorte funne levande fisk i garn som har stått fleire år i sjøen. Det er usikkert kor store skadar tapte garn gjer over tid. Britiske og amerikanske forsøk på heller grunt vatn viser at straum og bølger etter kort tid vasar garna saman og fangstevna vert sterkt redusert. Sterk algevekst på garna har same effekten.

### På djupt vatn

Problemet med tapte garn er desidert størst på store djup frå omlag 150 meter og djupare. På grunt vatn er det lettare å sokna opp garna eller å finna dei igjen med ekkolodd.

Når det gjeld teiner er dei store fisketeinene med to kammer som har gitt gode fangstar av torsk, ein heller ny reiskap i Noreg. Brukstapa har vore svært små i høve til andre passive reiskapar. Det er venta at talet på slike teiner vil auka i åra som kjem. Difor vert langtidsværknaden av fisketeiner på botnmiljøet undersøkt.

### Set ut garn

No vert det sett i gang kontrollerte forsøk som skal vara i nær to år. I forsøket skal det setjast ut lenker på 10 garn på djup under 150 meter, på utvalde stader langs kysten. På kvar stad vert det sett to lenker. Den eine vert teken opp, undersøkt, og sett ut igjen til faste tider. Den andre lenka vert ståande i heile perioden og inspisert med undervassfarkost med jamne mellomrom. Heile garnlenka vil då verta undersøkt i detalj både når det gjeld fisk og

blautdyr. Posisjonen til fisken i garnet og ulike nedbrytingsnivå vert registrert. Ny fangst som kjem til vil såleis kunna skiljast frå fisk som har gått i garnet tidlegare.

I dei same områda vert det sett ut to og to teinelenker med fem teiner i kvar lenke. Teinene vert undersøkt på same måten som garna. På denne måten vil ein få eit mål for garna og teinene si fangstevne med aukande ståtid. For å få undersøkt kor mykje fisk det er i kvart område i dei ulike sesongfiskeria, vil det verta sett og halt garn og teiner på vanleg måte ved lokalitetane av og til. I garnlenkene vil det bli brukt garn med ulik maskevidde for å fanga opp fleire storleikar og artar. Det vil også verta brukt ulike typar tråd, monofil og multimono, i maskene for å sjå om effekten over tid er avhengig av materialtype.

### **Line og sjøfugl**

I linefisket er det eit stort problem at sjøfugl beiter agn frå krokane under setjing. I enkelte årstider fører det til stort agntap. I sørlegare farvatn hevdar miljøvernorganisasjonar at lineflåten er årsaka til den nedgangen som ein i dei siste åra har observert i enkelte albatrossbestander. Havforskningsinstituttet er spurt av FAO om å delta i ei internasjonal ekspertgruppe som skal granska dette problemet.

Sjøfugl som beitar agn under setjing av line, er eit stort problem for den norske lineflåten. Tidlegare forsøk har vist at sjøfugl kan føra til agntap på opptil 70 prosent. Det er klart at lønsemda i fisket vert redusert. To metodar, å setja lina gjennom eit røyr eller bruk av ei fugleskremme, "kjalkeskremma", er utvikla for å redusera agntapet. I dei planlagde forsøka vil ein prøva å forbetra desse to metodane og sjå om det finst nye og betre metodar.

---

**Kontaktpersonar:** Dag M. Furevik og Svein Løkkeborg, Havforskningsinstituttet, Fangstseksjonen, Postboks 1870 Nordnes, N-5024 Bergen. Telefon: +47 55236800. Telefaks: +47 55236830. E-post: Dag.Furevik@imr.no eller Svein.Loekkeborg@imr.no

---

**Havforskningsinstituttet informerer også på Internett: <http://www.imr.no>**